



Rili Eiendom AS
Rossnesvegen 71
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17687 - 20/69000

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
30.10.2020

Førehandsvarsel for retting av bygningsopplysningar og adresseending -GBNR 424/3 Bø

Varsel etter Forvaltningslova kap IV, § 16 og Matrikkelova kap. 4, §21.

I samband med at det i jan. 20 vart gitt FA til m.a bruksending av areal i underetasjen på våningshus frå tilleggsdel til hovuddel, registrerte kommunen at opplysningar som ligg i matrikkelen i dag ikkje samsvarar med slik huset no er framstår. Pga at bruksendinga ikkje er heilt fysisk adskilte vart tiltaket godkjent uten ansvarsrett etter PBL, men desse skal like fullt registrerast som eigne bueining ar etter matrikkelova sine definisjonar av brukseiningar.

Matrikkelen sine definisjonar:

Med *bruksenhet* menes bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bolig, kontorenhet, verksted og lager, dvs. et rom eller en samling rom og åpne deler som sammen anvendes i en bestemt hensikt av en bruker, som kan være eier, leier eller annen bruksrettshaver.

Med *bolig* menes en bruksenhet som består av ett eller flere rom, og er bygd eller ombygd som helårs privatbolig for en eller flere personer, og har egen atkomst til rommet eller rommene uten at en må gå gjennom en annen bolig. En leilighet er en bolig med minst ett rom og kjøkken. En hybel er et rom med egen inngang beregnet som bolig for en eller flere personer, som har adgang til vann og toalett uten at det er nødvendig å gå gjennom en annen bolig. Bolig er fellesbegrep for leilighet og hybler.

Fleire bueiningar som har felles inngangsdør, får same husnummer, men ulike brukseiningnummer (t.d H0101 og H0201)

I U01-underetasjen (kjellarplan på teikningar) viser det ei eiga brukseining/ leilighet som skal registrerast i matrikkelen, og som også trulig skal ha tildelt eiga offisiell adresse, då den har eiga inngangsdør.

Det synes som det også er tilrettelagt for eiga brukseining/leilighet i H02 (loftspan på teikningar). Det er uklart kor mykje areal/ kor mange rom i H02 som ev høyrer til leiligheita her.


Vedlagt ligg matrikkelrapport som viser kva som er registrert om bygningen i dag.

Kommunen ber difor om tilbakemelding på kor mange brukseiningar/leiligheiter det er i dette huset, kor mange rom som tilhøyrer dei ulike brukseiningane og helst også størrelsen på dei, då dette også har noko å seie for avgiftene for brukseiningane. De kan gjerne teikna avgrensinga av brukseiningane på byggeteikningane og sende inn saman med tilbakemeldinga. Dersom de ikkje kjem med tilbakemelding vil kommunen legge inn 3 brukseiningar i dette bygget, og adressere som det kjem fram i forslaget nedanfor.

For å få rett adressering her er det nødvendig å gje dette huset ny adresse, og de vert med dette varsla om at fylgjande adressetildeling/-endring vert vurdert:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
424/3	H0101 (B)	Bøtjørnvegen 40	Bøtjørnvegen 40A
424/3	H0201 (B)	ingen adr.	Bøtjørnvegen 40A
424/3	U0101 (B)	ingen adr.	Bøtjørnvegen 40B

Sjå også plasseringa av adresser i kartutsnitt under.



Mottakar av varselet

Dette varselet vert sendt til grunneigar til aktuelle eigedom. Dersom adresseendringa får virkning for andre enn dei me har nådd med dette varselet, ber me om at vedkomande vert informert.

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) §§ 21, 25
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) §§ 10, 50
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Uttalerett

Etter matrikkellova §21 har dei som vert berørt av adresseendringa høve til å uttale seg. Uttaleretten gjeld kva veg adresseobjektet skal vere adressert til og eventuelt kva adressenummer eininga skal ha. Adressenavnet er ikkje råd å klage på i denne saka.

Eigar har også uttalerett til endring av bygningsopplysningar som kan ha noko å seie for eigar.

Ein eventuell uttale må vere grunngjeven og underteikna av grunneigar og sendast Alver kommune innan 3 veker. Etter at fristen er ute og eventuelle merknader er behandla, vert det sendt ut vedtak om tildeling av offisiell adresse, og omadresseringa vert registrert i matrikkelen. Det vil også samtidig verte registrert nye bygningsopplysningar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

424-3-våningshus
424-3-teikningar våningshus

Mottakarar:

Rili Eiendom AS

Rossnesvegen 71

5937

BØVÅGEN